

HÅSTADBØ/HÅSTABBA

Høgdemeter over havet: 120 m

Lengde: ca 0,5 km

Stigning: 88 m

Tid: 30 min parkering ein veg

Gradering: lett tur

Vegskildring: Køyr riksveg 7 mot Kvanndal ca. 11 km, og forbi Fyrneset. Du ser straks parkeringa på høgre side der tidlegare Løflotsstova (husmannsplass) stod. Her står skilt til Håstadbøstølen slik at parkeringa er lett å sjå når du kjem køyrande. Det er og ei lomme på venstre side av vegen der ein kan parkere. Turen startar opp den bratte skogsvegen i omlag 20-30 minutt til du kjem opp til sjølv garden Håstabba. Her heng turkassa lett synleg på eit tre.

Tur tips 1: Gå vidare opp til sjølv Håstadbøstølen

Tur tips 2: Du kan gå vidare til Kvanndalsstølen frå Håstadbøstølen og over til Lussand igjen. Det er merka mellom Håstadbøstølen og Kvanndalsstølen.

**DENNE TUREN ER BEST Å GÅ OM VÅREN, ELLER TIDLEG SOMMAR
PGA HJORTEJAKT! (frå grunneigar)**

GOD TUR!